

## NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 44.

Fylke: Rogaland.

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Sjernarøy.

Emne: Vaving.

Bygdelag: Nord-Hidle.

Oppskr. av: Johannes Hidle.

Gard: Nord-Hidle.

(adresse): Reilstad.

G.nr. 12. Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

## SVAR

Når det gjeld vaving veit eg forlite til å kunna svara heilt greidt. Eg har freista syrja folk ut, serleg nokre frå Hjelmeland og gjev att det eg har fått vita.

- I.
1. Til mannsklæde var vendavadmål det mest brukte, det var vove med 4 skaft. Det same var nok med andre slag som skulde brukast til "slite-ty", då vend var sterkare. Det som var vove med 2 skaft, var ikkjø so gjevt.
  2. Kvinneklae var ofte laga av eit slag ty dei kalla stoff, ofte med bomullsrenning og ull islett, men det kunde og ha ullrenning. Men det var tunnare enn mannsklædi.
  3. Underklæde til menn vove solid som til yverklæde. For kvinner kanhenda og av same kvalitet eller helst tunnare, og vel gjerne mykje meir av bomull. Skjøter til menn var frå gamalt av vadmal, sidan fekk dei yverskjøter av bomull.
  4. Umheng til stolpasenger vart det slutt med etter 1900, gjerne før sume stader. Den siste stolpesengi heima vart utkasta 1914, eller 1915. För hadde dei saga stolpane av på dei fleste, det var ute av moten med slikt. Umhenget var bomullsty, stundom blomstret, andre tider einsfarga og heimavove. Nedst på sengi var alltid kappe, til högtids kvit, til kvardags blomstret eller mægelita, av bomull.
  5. Sengklæde helst av vend-vaving, då det var sterkest. Lakan vart vove i einkel breidd, kanskje helst to-skafta, putevær likeso. För kunde dei ha bomulls renning og ull islett til putevær, på slike puter dei brukta under, so hadde dei ei fjörputa yver. Sidan helst bolster eller lereft, gjerne fjörlereft. - Sengjeteppe eller - dekken vov dei sjeldan, dei laga dei gjerne av kumtar dei sydde saman i ruter eller mynster, mangefarga stykke. Eller helst hekla dei teppix. Sume kunde vel og spöta dei.
  6. Dukar var gjerne vovne med dreielstevnad, med ruter i. Servietter vart sjeldan bruks, dei og vovne på same måte.
  7. Handklæde skal vera vovne med noko dei kalla odd og/eller vend, eg veit ikkje um eg har skyna det rett. Dei var av lin eller og bomull.
  8. Åklæde vove i mynster, krokbragd eller andre. Åklædi var med sterkt bomullstråd til renning, hovelgarn, og ull islett. Her var eit simålare slag, dei kalla rugga, med same slag renning men isletten var spunne av ramp, - tædde filler og gjerne noko simpel ull spynne saman til ein tjukk tråd.
- II.
- Namn på sers mynster herfrå veit eg ikkje, det må dei som er meir inne på slikt kunna svara på. Likeso med veve-måtar.

